

**Sakshandsamar:**Egil Henning Ytrøy  
E-post: Egil.Henning.Ytroy@sfj.no  
Tlf.: 40204384**Vår ref.**Sak nr.: 18/7811-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

41538/18

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 11.09.2018

## Notat

**Til Hovudutvala 25. september 2018, til orientering****Til fylkesutvalet 26. september 2018, til orientering**

## Notat – offentlig støtte og statsstøtteregelverket

### Bakgrunn

Den bedriftsretta innsatsen til fylkeskommunen skjer hovudsakleg gjennom Innovasjon Norge, som årleg vert tilført midlar frå fylkeskommunen som dei kan nytte til lån og tilskot til verksemder. Innovasjon Norge har ordningar som er notifiserte med tanke på reglane om statsstøtte/offentleg støtte til verksemder.

Frå tid til anna er fylkeskommunen likevel direkte involvert i vurderingar kring direkte støtte til verksemder. Fylkeskommunen har ikkje notifiserte ordningar, og det er difor noko meir arbeidskrevjande å tildele ei støtte på rett måte. Og det er særleg viktig at dette vert gjort rett.

Dersom det vert tildelt offentlig støtte i strid med statsstøtteregelverket, kan den aktuelle verksemda verte pålagt å betale attende støtta, med dei konsekvensar dette kan få. Føremålet med dette notatet er å gjere greie for hovudtrekka i statsstøtteregelverket. Dette som ei påminning om at vi må ta oss tid til å undersøkje nærare før vi går inn på løysingar som inneber offentlig støtte til verksemder.

### Kva er offentlig støtte?

Offentleg støtte er i følge EØS-avtalen artikkel 61 i utgangspunktet forbode. Det er seks vilkår som lyt oppfyllest for at tiltaket kan sjåast på som offentlig støtte:

1. Støtta må innebere ein økonomisk fordel for mottakar
  - Ikkje berre tilskot, men også fritak for økonomiske byrder som til dømes avgiftsfritak eller lånevilkår som er gunstigare enn det som vert tilbydd i marknaden, sal av eigedom under marknadspris, osv., vert å rekne som støtte.
2. Støtta må komme frå offentlege midlar
3. Mottakar av støtta må drive økonomisk aktivitet (tilby varer eller tenester i ein marknad)
4. Støtta må gje føremoner for einskilde føretak eller produksjon av enkelte varer eller tenester
5. Støtta må vri konkurransen eller truge med å vri konkurransen
6. Støtta må vere eigna til å påverke samhandelen mellom EØS-landa.

Samtlege vilkår i oppstillinga ovanfor må vere oppfylt for at eit tiltak kan definerast som offentlig støtte, men vilkåra er i praksis tolka vidt. Dersom eit offentlig tiltak medfører ein økonomisk fordel for eit føretak, skal det lite til før dei andre vilkåra er oppfylt.

**Kontroll med vedtak om støtte**

ESA (EFTA Surveillance Authority) fører kontroll med gjennomføring og handhevinga av EØS-avtalen, og har mynde til å krevje ulovleg støtte tilbakebetalt frå mottakar.

Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til ei einskild bedrift er i utgangspunktet støtte, og lyt løyvast i samsvar med EØS reglane.

**Gruppeunntaket (General Block Exemption Regulations - GBER)**

Det alminnelege gruppeunntaket (GBER) inneheld ei liste over tiltak som er førehandsgodkjent av ESA. Nokre døme på slik støtte er støtte til breiband, kulturføremål, idrettsinfrastruktur, lokal infrastruktur, opplæring, forskning, utvikling og innovasjon, beskyttelse av miljøet, innovasjonsklynger, osb.

Dersom fylkeskommunen løyver tilskot eller anna støtte med heimel i dette regelverket, lyt det meldast til ESA seinast 20 dagar etter tildeling av støtta. I praksis skjer dette gjennom og i samråd med Nærings- og Fiskeridepartementet.

Her finn du meir informasjon om det alminnelege gruppeunntaket:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransopolitikk/regler-om-offentlig-stotte-listeside/offentlig-stotte-gruppeunntak/id430132/>

**Bagatellmessig støtte**

Støtte kan også løyvast som bagatellmessig støtte. Grensa for slik støtte er inntil 200 000 EURO (i 2018 kr. 1 954 960,-) siste tre rekneskapsår. Det er mottakaren sitt ansvar å stadfesta at grensa for bagatellmessig støtte er overhalden og for mykje motteken støtte kan verte kravd tilbakebetalt.

**Dette til hovudutvala og fylkesutvalet si orientering.**